

## Hemsedal kommune – Tette tankar

**Tette tankar – miljøkonsekvensar:** Det er mange grunnar til at kommunen er restriktiv når det gjelder etablering av tett tank for avløpsvatn. Normalt vil det være både økonomisk og miljømessig betre og bruke naturbasserte reinseløysingar der det er mogleg. Ein av føresetnadane for at kommunen skal gi løyve til tett tank, er mogligheitene for forsvarleg handtering av innhaldet frå tankane, det vil si mottak på kommunalt reinseanlegg. Fylkesmannen i Buskerud ved miljøvernnavdelingen er skeptisk til tett tank systemet, då det er registrert problem med driftsforhold på kommunale reinseanlegg som følgje av tømimng, noen av utfordringane med tømming av tette tankar er ujevnt påslepp, kapasitet og luktpproblem. Slam frå naturbaserte reinseløysingar krev minimal behandling samanlikna med innhaldet i tett tank.

Hemsedal har mykje spreidd avløp i eksisterande hytteområde som fylgje av gradvis standardheving. Gjennom arbeidet med opprydding av spreidd avløp, kommunedelplan og lokal avløpsforskrift ynskjer kommunen å samordne nyetablering av avløp i dei tilfella der det er mogleg. Kommunen kan godkjenne tett tank dersom naturbasserte reinseløysingar ikkje er mogleg utifrå grunnforholda eller i påvente av avløpsnett. Tett tank kan bare godkjennast for utslepp av svartvatn, utslepp av gråvatn må løysast på annan måte. Innanfor kommunedelplan Markegardslia– Lykkja blir det ikkje tillate nyetablering av tett tank.

I dei områda der grunnforholda er gode for naturbasserte reinseløysingar som til dømes infiltrasjon/våtmarksfilter er dette å anbefale. Etter forsking på reinsing av avløpsvatn er det ein fagleg einigheit om at lokal reinsing av avløpsvatn i stadeigne masser er å anbefale. Grunnen til dette er at slike reinseanlegg normalt gir best nytte– kostnadseffekt både for fosfor og organisk stoff. Slike anlegg vil også redusere bakterieinnhaldet i avløpsvatnet. Gjennom communal tømmeordning har vi god kontroll og tilsyn med anleggets funksjon og reinsing.

Tett tank løysing er ein nøndløysing som kun bør nyttast i påvente av avløpsnett og i spesielle tilfelle der grunnforholda er særskilt därlege. Ein slik godkjenning forutsetter at retningslinjer for tette tankar er oppfylt (jf. retningslinjer for tette tankar vedtatt av Hovudutval Plan og Ressurs, saknr.28/05). Med bakgrunn i vurdering over bør kommunen prøve å redusere etablering av tette tankar i kommunen og heller sjå på alternative toalettloysisingar (biologiske-/ forbrenningstoalett) for enkelte hytteområder.

